

FUSA KOMMUNE  
Postboks 24  
5649 EIKELANDSOSEN

Dykkar ref.:  
Vår ref.: 18/1494-4  
Sakshandsamar: Christina Hildonen  
Dato: 23.03.2018

## **Innvilgar tilskot til Idrettshall som nytt seniorsenter og aktivitetssenter for alle over statsbudsjettet 2018 kap. 761, post 79**

Helsedirektoratet viser til søknad på tilskot 19.01.2018 under tilskotsordninga Aktivitetstiltak for å motvirke ensomhet og passivitet.

### **INNVILGING AV TILSKOT**

Helsedirektoratet innvilgar tilskot på inntil 231 246 kroner til Idrettshall som nytt seniorsenter og aktivitetssenter for alle over kap. 761, post 79 på statsbudsjettet for 2018.

Tilskotsbeløp som skal utbetalast i år er 231 246 kroner. Utbetalinga gjerast samla.

For 2018 er det bevilga 18 300 000 kroner til tilskotsordninga. Vi har teke imot 231 søknader der det er søkt om til saman kr. 98 144 649. Av desse har 49 fått tildelt tilskot.

I vurderinga vår har vi mellom anna lagt vekt på tildelingskriterium, budsjettet for søknaden, forventa måloppnåing og framdriftsplan. Vi har vurdert søknadene både ved bruk av skjøn og gjennom ein evalueringsmetodikk. Kvar søknad er gjennomgått av to sakshandsamar parallelt og uavhengig av kvarandre. Vi har nytta eit vektningssystem kor kvar søker har fått poeng for korleis de oppfyller de ulike kriteria i regelverket. Poenga er igjen vekta ut frå kor viktig kvart kriterium er vurdert å være. Prosjekt er vekta 50 prosent, søknaden er vekta 30 prosent og budsjett er vekta 20 prosent. Ingen prosjekter med skår 70 eller lågare fekk innvilga tilskot.

Helsedirektoratet vurderer søknaden dykkar som god og innvilgar tilskot i inntil 2 år under forutsetning av at Stortinget vedtar løyving for påfølgande år, og at vi godkjenn prosjektets rapporteringar på milepæler og budsjett (jf. Regelverket pkt. 4). Tilskotsbeløp for 2019 vil være same som de har søkt om for 2019. Tilskot for 2020 innvilgast dermed ikkje. Alle prosjekter som innvilgast for meir enn et år under desse forutsetningane må ha nasjonal overføringsverdi, og det er viktig at de rapporterer på korleis andre kan ha nytte av prosjektets metode, korleis dette kan gjerast tilgjengeleg for andre og spreies nasjonalt. Plan for vidareføring vil også bli vektlagt spesielt.

Vi ber om at dykk ser på moglegheita for tidlegare oppstart og å intensivere prosjektet.

#### **Helsedirektoratet**

Avdeling miljø og helse

Christina Hildonen, tlf.: +4724163952

Postboks 7000 St. Olavs plass, 0130 Oslo • Besøksadresse: Universitetsgata 2, Oslo • Tlf.: 810 20 050

Faks: 24 16 30 01 • Org.nr: 983 544 622 • postmottak@helsedir.no • www.helsedirektoratet.no

Vi ber dykk om å sende inn ein kortfatta søknad via Altinn innan søknadsfristen i 2019, med tiltaksplan og budsjett for 2019. Her kan de vise til søknaden der de fekk innvilga tilskot. De må leggje ved ein kort statusoppdatering for 2018 for milepæler og budsjett/rekneskap som vedlegg til søknaden. Eventuelt ubrukt tilskott må gå fram av både søknaden og rapporteringa.

## **VILKÅR FOR TILSKOTET**

### **Mål, føringar og vilkår**

Tilskotet skal brukast i samsvar med budsjett og tiltak som er beskrivne i søknaden og eventuelt ettersendt informasjon, regelverket for ordninga og krava i dette brevet.

Tilskotet skal dekkje utgifter til aktivitetar og tiltak som rettar seg mot måla de har satt i søknaden. Desse måla skal bidra til måloppnåinga for ordninga.

Målet med tilskotsordninga er å motverke einsamheit, passivitet og sosial tilbaketrekking og å skape aktivitet, deltaking, sosialt fellesskap og møteplassar.

Helsedirektoratet legg desse føringane for arbeidet som skal utførast:

Prosjektet og tiltaka må:

- være innanfor mål og målgruppe
- være helsefremmande og førebyggjande
- være lågterskeltilbod opent for alle i målgruppa

Det gis tilskot til prosjekter som skaper aktivitet, deltaking, sosialt fellesskap og møteplassar for eksempel gjennom utvikling/vidareutvikling av egne tilbod til målgruppa, gjennom fellesskap for måltid/trening, eller ved å legge til rette for møteplassar på tvers av generasjonar og/eller kulturar.

Tiltaka må være opne for alle i målgruppa. Med dette menas at det for eksempel ikkje kan stilles krav til medlemskap for deltaking og ikkje være krav om enkeltvedtak for deltaking. Det kan heller ikkje være tiltak berre for bebuarar i institusjon eller berre for bestemte diagnosegrupper.

Tiltaka må gjerast allment kjent blant målgruppa.

Dersom søkars organisasjon er medlemsbasert ber vi om at de sender inn en plan for korleis de skal kunngjere tiltaket ut over medlemsmassen, samen med aksept av vilkår.

Tilskot gis til prosjekter med tiltak og aktivitetar som gjennomførast i 2018. Det betyr at det ikkje innvilges tilskott til tiltak og aktivitetar som går ut over 2018. Dette fordi Stortingets løyving er for eit kalenderår. Prosjekt og tiltak må derfor planleggast og gjennomførast ut frå dette.

Tilskottet skal ikkje nyttast til:

- enkeltstående arrangement
- investeringar, inventar og utstyr
- kjøp/leasing av transportmidlar
- ordinær drift eller tiltak som har næringsmessig verksamheit som hovudmål

- utvikling av APPer, nettsider eller andre digitale tenester

Dette må i tilfellet dekkes av andre midlar enn tilskotsmidlar.

Vi minner også om at tilskotet ikkje skal dekkje berre kartleggingar av aktivitetar/tiltak i kommunen/bydelen, eller målgruppas behov og ønsker.

Tilskotet kan ikkje omdisponerast til andre føremål utan skriftleg godkjenning frå Helsedirektoratet.

## **RAPPORTERINGSKRAV**

### **Rapporteringsfrist**

De skal rapportere til Helsedirektoratet seinast innan **1. april** neste år. For prosjekt/aktivitetar som går over fleire år, skal de rapportere kvart år de tek imot tilskot. Nærmare krav til rapportering finn de nedanfor.

De skal rapportere i eit elektronisk skjema på Altinn. Lenke finn de på [www.helsedirektoratet.no/tilskudd](http://www.helsedirektoratet.no/tilskudd). Når de skal søkje om tilskot eller rapportere om eit tilskot, er det ein fordel å ha ei rolle for verksemda i Altinn. Les meir om dette på nettsidene.

### **Rapportering på måloppnåing**

Rapporteringa skal forklare korleis og i kva grad måla for tilskota er oppnådde. Dette gjer de ved å gi ein rapport på følgjande rapporteringskrav:

Det skal rapporterast på oppsette mål og gjennomførte tiltak og rapporteringa skal beskrive korleis og i kva grad måla for tilskottet er oppnådd.

Rapporten skal innehalde ei beskriving av gjennomførte tiltak, korleis tilskotet er nytta, og om dei viktigaste resultatene av tiltaka. Rapporten skal vise korleis prosjektet har bidrege til å oppfylle målet for tilskotsordninga: "å motvirke einsamheit, passivitet og sosial tilbaketrekking og å skape aktivitet, deltaking, sosialt fellesskap og møteplassar".

Rapporten skal innehalde ein oversikt over:

1. Kva mål har prosjektet hatt?
2. Korleis søker har arbeidet for å oppnå måla?
3. Kva måte måloppnåinga har blitt målt og evaluert, og kva for resultat som er oppnådd?

Tilskotsmottakar skal difor rapportere på følgjande:

- A) Kva er oppnådd, jf. punkt 1 mål for prosjektet i søknad
- B) Korleis har gjennomføringa vært i forhold til tiltaksplan/framdriftsplan, jf. punkt 2
- C) Erfaringar frå prosjektet - kva har gått bra/mindre bra, jf. punkt 3
- D) Kor mange som har nytt godt av tiltaket, jf. punkt 3
- E) Resultat av eventuell evaluering, jf. punkt 3
- F) Vidare planer for tiltak og aktivitetar etter at prosjektet er slutt

Det er viktig at det går fram av rapporten korleis og i kva grad måla for tilskotet er oppnådd.

Rapporten skal også beskrive korleis dei egendefinerte måla har bidratt til å oppfylle målet med tilskotsordninga.

Dersom de har fått tilsagn om fleirårig tilskot, er det viktig at rapporten også beskriver korleis prosjektet har tilfredsstilt kravet om nasjonal overføringsverdi, her under korleis andre kan nytte seg av prosjektets metode, korleis dette skal gjerast tilgjengeleg for andre og spreies nasjonalt.

### **Rekneskapsrapportering**

Det skal først rekneskap for tilskotet, skilt frå resten av rekneskapet for eksempel med ein prosjektkode. Rekneskapet skal berre vise kva for utgifter som er dekte av tilskotet.

Dersom det er oppgjeve eigenfinansiering i søknaden, ber vi om at det leggjast ved ein oversikt over kva for utgifter som er dekt av denne.

Rekneskapa skal kunne samanliknast med budsjettet i søknaden.

Rapporteringsmalen inneheld ferdig definerte utgiftskategoriar som rekneskapstala skal først inn i. I tillegg skal det leggjast ved rekneskapsutskrift direkte frå økonomisystemet som viser kva artskonti utgiftene er fordelt på. Utskrifta kan vise utgifter aggregerte per art og treng ikkje vise dei enkelte bilaga. De finn meir informasjon om krav til rekneskapa i standardvilkåra.

### **Revisorkontroll**

Rekneskapa skal reviderast av registrert revisor, statsautorisert revisor eller oppdragsansvarleg kommunerevisor (jf. § 11 i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner) i samsvar med Den norske revisorforening sin standard [ISA 805 Særlige hensyn ved revisjon av enkeltstående regnskapsoppstillinger og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en regnskapsoppstilling](#). Mottakaren av tilskotet må gi revisor ein kopi av dette brevet før revisorkontroll.

Dersom det innvilga tilskotet er høgare enn kr 200 000 kroner per år, men forbruket er lågare enn kr 200 000 kroner per år, kan de levere revisorstadfesting for to år om gongen.

Krav til revisorstadfesting gjeld ikkje for:

- tilskotsbeløp på under 200 000 kroner
- tilskot til statlege verksemder og forvaltningsorgan underlagde rekneskapsrevisjonen til Riksrevisjonen
- tilskot til helseføretak, så framt prosjektrekneskapa inngår i den reviderte totalrekneskapa til føretaket
- mindre aksjeselskap som oppfyller vilkåra til Skatteetaten for å kunne blir unnatekne revisjonsplikt, og som har registrert dette i Regnskapsregisteret

### **KLAGERETT**

Det er klagerett på vedtaket. Dette følgjer av forvaltningslova § 28. Klagefristen er tre veker etter at brevet er motteke. Klaga skal sendast til Helsedirektoratet ([postmottak@helsedir.no](mailto:postmottak@helsedir.no))

eller vår postadresse) og merkast med vår referanse, 18/1494. Helsedirektoratet vurderer om det er grunnlag for å endre vedtaket. Dersom vedtaket ikkje blir endra, skal klaga sendast for endeleg avgjerd til Helse- og omsorgsdepartementet som er klageinstans.

#### **AKSEPT AV VILKÅR**

Tilskotet blir utbetalt når Helsedirektoratet har teke imot «Aksept av vilkår» (lagt ved). Akseptbrevet må returnerast straks og seinast innan fire veker etter at brevet er teke imot. Innvilging av tilskot kan trekkjast tilbake etter ei purring.

All korrespondanse skal sendast til [postmottak@helsedir.no](mailto:postmottak@helsedir.no) eller postadressa vår og skal merkjast med referansen vår 18/1494.

Vi ønskjer dykk lykke til med arbeidet og ser fram til å høyre om resultatata.

Vennleg helsing

Jakob Linhave e.f.  
avdelingsdirektør

Christina Hildonen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk*

## STANDARDVILKÅR FOR TILSKOT FRÅ HELSEDIREKTORATET

### Gi beskjed om endringar

Helsedirektoratet må ha skriftleg beskjed så fort som mogleg dersom mottakaren får ny adresse, nytt kontonummer og/eller ny kontaktperson. Mottakarar utan fast tilsette må informere om ny leiar og/eller økonomiansvarleg/kasserar.

### Generelle vilkår

Dersom det blir kjøpt inn utstyr utover det som er lagt til grunn i tilskotsbrevet, eller utover det som blir rekna som rimeleg, kan Helsedirektoratet krevje at mottakaren tilbakebetaler verdien når prosjektet/aktiviteten/drifta er avslutta. Investeringar og utstyr som blir kjøpt inn, kan reknast som Helsedirektoratet sin eigedom.

Utgifter til reise-, kost- og nattillegg må ikkje overstige satsane i Statens reiseregulativ, jf. Statens personalhåndbok.

Lønsmidlar til mottakarar som hovudsakleg blir finansierte av offentlege tilskot, skal ikkje overstige det som er rimeleg i forhold til statlege løningar.

### Lov (forskrift) om offentlig anskaffelse og krav til kjøp av varer og tenester

Tilskotsmottakarar som er omfatta av lov og forskrift om offentlige anskaffelser, må følgje desse ved bruk av tilskotsmidlar. Dei grunnleggjande krava i lova er å sikre konkurranse, føreseielegheit, gjennomsiktighet og etterprøvbarheit og at utveljinga skal skje etter ikkje-diskriminerande og objektive kriterium.

I nokre tilfelle vil det vere vanskeleg å vurdere om ein er omfatta av denne lova og forskrifta. Tilskotsmottakarar som hovudsakleg er finansierte av offentlege midlar (over 50 prosent), må vurdere om dei er omfatta av forskrifta.

Desse verksemdene er omfatta av forskrifta, jf. forskrift om offentlige anskaffelser § 1-2:

1. *Denne forskrift gjelder statlige, kommunale, fylkeskommunale myndigheter og offentligrettslige organer og sammenslutninger dannet av en eller flere av disse.*
2. *Et offentligrettslig organ er ethvert organ:*
  - a. *som tjener allmennhetens behov, og ikke er av industriell eller forretningsmessig karakter, og*
  - b. *som er et selvstendig rettssubjekt og*
  - c. *som i hovedsak er finansiert av myndigheter eller organer som nevnt i første ledd, eller hvis forvaltning er underlagt slike myndigheters eller organers kontroll, eller som har et administrasjons-, ledelses- eller kontrollorgan der over halvparten av medlemmene er oppnevnt av slike myndigheter eller organer.*

### Rekneskap

Tilskotet blir gitt som nettotilskot, med unnatak av tilskot til frivillige organisasjonar.

### Inntekter

Rekneskap som blir sendt til Helsedirektoratet, må omfatte alle inntektene som knyter seg til prosjektet/aktiviteten/drifta det er gitt tilskot til. Unnataket er momskompensasjon for frivillige

organisasjonar, som blir omtala under. Inntekter knytte til arbeidet eller dei utgiftene som er førte, skal òg førast opp i rekneskapen. Eksempel kan vere sjukelønsrefusjonar og inntekter frå sal av utstyr, varer eller tenester.

#### Momskompensasjon til frivillige organisasjonar

Frivillige organisasjonar kan søkje om momskompensasjon frå Lotteri- og stiftelsestilsynet. Dette er ei eiga tilskotsordning og skal haldast utanom rekneskapstalet som blir innrapportert for prosjektet/aktiviteten/drifta. Alternativt skal momskompensasjonen merkast tydeleg, slik at eit eventuelt overskot som følgje av momskompensasjon ikkje blir trekt frå framtidige tilskot eller blir kravd tilbakebetaling for.

#### Lengda på tilskotet og bruk av ubrukt tilskot

Tilskotet er innvilga for dette året.

##### *Bruk av ubrukt tilskot:*

1. Tilbakebetaling av tilskot:

Dersom det på slutten av året står att ubrukne tilskotsmidlar og de ikkje brukar heile tilskotet til prosjektet/aktiviteten/drifta, må det ubrukne tilskotet tilbakebetalast straks til Helsedirektoratet, kontonummer 7694 05 12162. Merk betalinga med kapittel, post og referansen vår, 18/1494. De må informere Helsedirektoratet om tilbakebetaling ved å sende ein e-post til [tilskudd@helsedir.no](mailto:tilskudd@helsedir.no) merkt med referansen vår, 18/1494.

2. Avkorting av tilskot for neste år dersom de òg søker om nytt tilskot:

Dersom det på slutten av året står att ubrukne tilskotsmidlar og de skal søkje om nytt tilskot det påfølgjande året, kan de anten tilbakebetale ubrukne midlar eller få avkorta tildelinga for neste år på grunnlag av dei ubrukne midlane. Dette krev at de sender inn ein ny fullstendig søknad i samsvar med kunngjeringa og den årlege søknadsprosedyren. Søknadsbeløpet må innehalde både ubrukt tilskot og nytt tilskot.

3. Overføring av tilskotsmidlar dersom prosjektet skal ferdigstillast/avsluttast – berre eitt år:

Dersom det på slutten av året står att ubrukne tilskotsmidlar og prosjektet ikkje er ferdigstilt, kan de søkje om å få overført tilskotet eitt år. Dette krev at de sender ein kortfatta søknad per brev eller e-post. Sakshandsamar vurderer om det er behov for fleire opplysningar eller ein heilt ny søknad, før overføringa kan handsamast.

#### **Moglege reaksjonsformer dersom mottakaren oppgir urette opplysningar eller ikkje bruker tilskotet i samsvar med dei vilkåra som er fastsette**

Dersom mottakaren ikkje opptre i samsvar med føresetnadene i tilskotsbrevet og regelverket, kan heile eller delar av tilskotet bli kravd tilbakebetalt. Misleghald kan bli forfølgd rettsleg.

#### **Ubrukt tilskot som de ønskjer å overføre**

Tilskotet er innvilga for dette året. Dersom de ikkje brukar opp heile tilskotet, kan de søkje om å få overført det til neste år.

1) *Dersom de skal søkje om nytt tilskot for å vidareføre arbeidet:*

Tilskot som de ikkje bruker, kan overførast og inkluderast i neste års tildeling. Dette krev ein ny fullstendig søknad. Søknadsbeløpet må inkludere både ubrukt tilskot og nytt tilskot.

2) *Dersom nytt tilskot ikkje er aktuelt:*

Tilskot som de ikkje bruker, kan òg overførast til neste år, sjølv om det ikkje er aktuelt med nytt tilskot. Dette krev ein kortfatta søknad per brev eller e-post. Sakshandsamar vurderer om det er behov for fleire opplysningar eller ein heilt ny søknad, før overføringa kan handsamast. Tilskot kan maksimalt overførast eitt år når nytt tilskot ikkje er aktuelt.

### **Dokumentinnsyn**

Mottakar har rett på innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova §§ 18 og 19.

### **Tilsyn eller kontrollar**

Rapportar/resultat frå relevante offentlege tilsyn eller kontrollar skal sendast inn fortløpande til Helsedirektoratet.

### **Kontroll av tilskotsmottakarar og dokumentasjon**

Helsedirektoratet krev at rekneskapsdata og dokumentasjon av opplysningar som ligg til grunn for søknaden eller rapporteringa, skal oppbevarast for kontroll i minimum 10 år etter at tilskotet blei teke imot.

Helsedirektoratet tek atterhald om at vi har rett til å kontrollere at tilskotet blir brukt etter føresetnadene, og at vi kan undersøkje alle dokument og stader som vi måtte krevje, hjå tilskotsmottakaren og samarbeidspartnarar, jf. bevilgningsreglementet § 10.2. Dersom Helsedirektoratet har delegert ansvaret for tilskotsforvaltninga til andre, tek vi òg atterhald om deira rett til kontroll.

Riksrevisjonen har moglegheit til å kontrollere om tilskot blir brukte etter føresetnadene, med heimel i Lov om Riksrevisjonen § 12 andre ledd.

### **Kunngjering av tilskot**

Kunngjering med søknadsfrist blir publisert på [www.helsedirektoratet.no/tilskudd](http://www.helsedirektoratet.no/tilskudd).



## AKSEPT AV VILKÅR

Akseptbrevet må returnerast straks, og seinast innan fire veker etter at brevet er teke imot. Brevet skal sendast i retur til:

Helsedirektoratet Postboks 7000 St. Olavs plass 0130 Oslo	Eller i skanna versjon til <a href="mailto:postmottak@helsedir.no">postmottak@helsedir.no</a>
---	--

Ref. vår: 18/1494-4

FUSA KOMMUNE  
Postboks 24  
5649 EIKELANDSOSEN  
Org.nr.: 964968896

Innvilget beløp: 231 246  
Beløp til utbetaling: 231 246

Kontonummer 34200700920
IBAN-nummer (dersom bank er utanfor Noreg)
BIC/Swift-kode (dersom bank er utanfor Noreg)
Kontoens valuta (dersom bank er utanfor Noreg)
Kontaktperson, telefonnummer og e-postadresse for økonomiansvarleg
Utbetalinga til mottakar skal merkjast med (maks. 15 teikn) 507407

Aksept av vilkår:

- FUSA KOMMUNE aksepterer vilkåra for tilskotet som er gitt i tilskotsbrev av 23.03.2018 med tittelen Innvilgar tilskot til Idrettshall som nytt seniorsenter og aktivitetssenter for alle over statsbudsjettet 2018 kap. 761, post 79.
- FUSA KOMMUNE stadfestar at dette skjemaet gir rette opplysningar om konto eigd av tilskotsmottakaren, og at Helsedirektoratet blir varsla ved endringar.

Sted, dato og signatur
------------------------

Stadfestinga skal underteiknast av styreleiaren eller den som har prokura. For kommunar og fylkeskommunar skal stadfestinga underteiknast av rådmannen eller den som har fått delegert avgjerdsretten.